

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 288/2024

2025/EØS/25/37

av 6. desember 2024

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter,
standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2024/1399 av 10. november 2023 om vilkåra for klassifisering utan prøving av ytterveggplater og -kledningar av heiltre med omsyn til reaksjonen deira ved brannpåverknad, og om endring av vedtak 2006/213/EF⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel XXI i vedlegg II til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2f (kommisjonsvedtak 2006/213/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32024 R 1399:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2024/1399 av 10. november 2023 (EUT L, 2024/1399, 22.5.2024).”

2. Etter nr. 2f (kommisjonsvedtak 2006/213/EF) skal nytt nummer lyde:

”2fa. **32024 R 1399:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2024/1399 av 10. november 2023 om vilkåra for klassifisering utan prøving av ytterveggplater og -kledningar av heiltre med omsyn til reaksjonen deira ved brannpåverknad, og om endring av vedtak 2006/213/EF (EUT L, 2024/1399, 22.5.2024).”

Artikkel 2

Teksta til delegert forordning (EU) 2024/1399 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. desember 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L, 2024/1399, 22.5.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_del/2024/1399/oj.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 6. desember 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann